

Møre og Romsdal fylkeskommune

Atlanten videregående skole

Årsmelding skoleåret 2025-26

Figur 1 Atlanten videregående skole fasade, horisont og avgangskull 2026

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 3

2.1 Organisasjonen 3

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 4

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 5

3. Læringsmiljø 7

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 7

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 10

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 12

4. Skoleårsresultat 15

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 15

4.2 Karaktersnitt 17

4.3 Fråvær 18

4.4 Elevar som har slutta 19

4.5 Overgangar 20

5. Leiing og profesjonsutvikling 21

1. Rektor har ordet

Skolen sitt overordna mål er at alle våre elevar skal ha høgt læringsutbytte gjennom aktiv deltaking, og skolen har ein visjon om gode faglege prestasjonar gjennom tydelege rammer. Skolen skal vere ein triveleg og god skole, og våre hovudverdiar er inkluderande, samarbeidande og tydeleg.

Skolen har etablert ei ny leiargruppe og redusert administrativ kapasitet som del av ei krevjande økonomisk omstilling. Skolen har så langt som råd forsøkt skåne elevar og lærarar i dei økonomiske nedskjeringane. Skolen er spesielt bekymra for konsekvensane for studieførebuande skoler med tanke på innsøking, fagtilbod og resultatmåla knyta til tilfredsstillande tilpassa opplæring, fråfall og gjennomføring. Skolen ser det som avgjerande at skoleeigar justerer modellen for tildeling av særskilt tilrettelegging til i større grad å gje utteljing for elevar med låge eller ingen grunnskolepoeng.

Skolen har i fleire år hatt svært få elevar som sluttar og høge tal for fullført og bestått. For skoleåret 2025-2026 hadde skolen 1,4 % elever som slutta, og 92.8 % av elevane våre fullført og bestått som igjen er den høgaste gjennomføringa ved skolane i fylket.

Skolen er ein studieførebuande skole med 487 elevar fordelt på 21 klasser og fire utdanningsprogram. Skolen handterer et stort tal privatistar innan studieforberedande fag. Skolen har eit dyktig, utviklingsorientert og kompetent personale, og skolen opplever god rekruttering til ledige stillingar. Skolen opplever å ha eit godt og triveleg arbeidsmiljø, og skolen har god dialog og gode samarbeidsmøte med dei tillitsvalte.

Skolen har tett dialog med elevrådet og russestyret, og tilbakemeldingar og elevundersøkinga gjev eit bilde av eit godt læringsmiljø og elevar som opplever trivsel, tryggheit og meistring. Skolen har gjennom fleire år prioritert høgt systemarbeidet rundt elevane sitt læringsmiljø og tett oppfølging av enkeltelevar.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	46
Tal på årsverk i leiarstillingar	4,2
Tal på årsverk andre tilsette	4

Skolen si leiing bestod skoleåret 2025-2026 av fem leiarar. Skolens organisering er stram og assisterande rektor har personal- og avdelingsansvar for språk og samfunnsfag. Avdelingsleiar for Elevtenesta har også personal- og avdelingsansvar for norsk og realfag. Dei to siste avdelingsleiarane har ansvar for Idrettsfag og Musikk, dans og drama samt 40 % undervisningsdel i stillingane.

Skolen hadde i 2025-2026 ein administrativ stab med to merkantile stillingar og ei stilling på biblioteket. Bibliotekaren har fått fleire sentrale administrative oppgåver i staben.

Skolen har ei 100 % stilling i kantina. Skolen serverer gratis frukost til elevane fire dagar i uka. Kantina er svært viktig for skolemiljøet. Kantina gjekk med overskot både i 2024 og 2025 og den dyktige kantineansvarlege styrer mot overskot også i 2026.

Skolen har eit stabilt personale med om lag 60 % kvinner og 40 % menn. Undervisningspersonale har mykje erfaring og høg kompetanse, og blant undervisningspersonalet har alle formell undervisningskompetanse og om lag 60 % er lektorar. Skolen hadde 4,8 % sjukefråvær i skoleåret 2025-2026.

Bygg- og eigedomsavdelinga (BYE) har ein dyktig driftsteknikar og tre positive reinhaldarar ved skolen. Desse funksjonane og personane er ein viktig del av skolekvardagen og samarbeider tett med rektor. IT-avdelinga i sentraladministrasjonen har ei IKT-stilling lokalisert på skolen, og sentral IT bidrar med ekstra ressursar i pressperiodar som skolestart og eksamen.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Idrettsfag	39	55	23	117
Musikk, dans, drama	21	14	14	49
Studiespesialiserande	122	75	124	321
Total	182	144	161	487

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	14

Skolen har merka ein nedgang i talet på søkjarar til studiespesialisering og andre studieførebuande utdanningsprogram. Skolen er uroa over denne utviklinga og vårt fylke ser ut til å lede an i denne utviklinga. Skolen meiner at vårt fylke bør ha ein jamnare fordeling av studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Skolen ser med uro på utviklinga av marknadsføringa av Y-vegen til studiekompetanse.

Skolen har framleis totalt 21 klasser, men skolen opplever ein auke i antal elever og klasser på Idrettsfag. Skolen hadde i skoleåret 2025-2026 to klasser Idrettsfag både på VG1 og VG2. På studiespesialisering hadde skolen fem klasser på VG1, tre klasser på VG2 og fem klasser på VG2. Skolen har ei klasse på kvart årstrinn for Musikk, dans og drama.

Skoleåret 2024-2025 var dessverre siste året skolen fekk ha tilbod for vaksne som ønsker generell studiekompetanse. Tilboda skulle overførast til nettskolen. Skolen registrerer at det framleis er fysiske tilbod i Molde og Ålesund skoleåret 2025-2026 og 2026-2027. Skolen meiner det er uheldig at dette tilbodet er fjerna frå Kristiansund. Tilbodet er svært positivt også for skolens elevar som har utfordringar med ordinære løp innanfor ordinær skoletid. Vi meiner at eit slikt tilbod vil kunne gjere oss meir rusta til å møte dei utfordringane vi har med gjennomføring i vidaregåande skole på Nordmøre.

I skoleåret 2025-2026 var det 14 elevar som hadde vedtak om ekstra språkopplæring. Tala for 2022-2023 og 2023-2024 var 13 elevar og for 2024-2025 var talet 17 elevar.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Atlanten vgs 2024-25	Atlanten vgs 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	5,5%	6,6%	11,4%
0 - 25		1,6%	2,7%
25 - 30	2,1%	1,1%	4,7%
30 - 35	2,8%	6,0%	11,1%
35 - 40	8,3%	9,9%	16,8%
40 - 45	23,4%	19,2%	22,3%
45 - 50	26,2%	26,4%	17,9%
Over 50	31,7%	29,1%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Atlanten vgs	48,1	46,8	47,5	46,4	45,4
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Elevgrunnlaget og karakterpoengsummane frå ungdomsskolane har vore relativt stabile dei siste fem åra sjølv om skolen merkar ein nedgang i tala på søkjarar. Skolen registrerer at det var noko høgare inntaktspoeng i skoleåra 2020-2021 og 2021-2022, og at skolen ser dette i samanheng med avlyst eksamen og generelt høgare karakterpoengsum under pandemien.

Skolen registrerer også at karakternivået ikkje ser ut til å ha justert seg tilbake etter pandemien utan at skolen kan peike på nokon årsaker til at nivået i karakterpoengsum fortsette å stige. Skolen opplever ikkje at elevane har eit betre grunnlag frå ungdomskolen enn før pandemien.

Fleirtalet av elevar som startar ved skolen har eit godt karaktergrunnlag frå ungdomsskolen, men skolen merkar ein stor auke i talet på elevar som startar ved skolen heilt utan, mangelfullt eller med svært låg karakterpoengsum frå ungdomsskolen.

3. Læringsmiljø

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Læringsmiljø VG1:

Enhet	Trivsel	Støtte fra lærer	Støtte hjemmefra	Vurdering for læring	Læringskultur	Mestring	Motivasjon	Elevdemokrati og medvirkning	Felles regler	Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	Faglig utfordring
Atlanten videregående skole	4,50	4,30	4,10	3,50	4,40	4,10	3,80	3,80	4,50	3,70	4,50

Læringsmiljø VG2:

Enhet	Trivsel	Støtte fra lærer	Støtte hjemmefra	Vurdering for læring	Læringskultur	Mestring	Motivasjon	Elevdemokrati og medvirkning	Felles regler	Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	Faglig utfordring
Atlanten videregående skole	4,30	4,00	4,00	3,40	4,10	3,90	3,60	3,60	4,30		4,30

Læringsmiljø VG3:

Enhet	Trivsel	Støtte fra lærer	Støtte hjemmefra	Vurdering for læring	Læringskultur	Mestring	Motivasjon	Elevdemokrati og medvirkning	Felles regler	Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	Faglig utfordring
Atlanten videregående skole	4,50	4,30	4,00	3,50	4,20	4,20	3,70	3,80	4,30		4,40

Figur 2 Resultat frå elevundersøkinga 2025

Skolen bruker resultata frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa aktivt som utgangspunkt for å reflektere over praksis ved skolen, på ulike trinn, utdanningsprogram og i klasser og faggrupper. Skolen har hatt stor nytta av skoleeigar sitt arbeid med å gjere talmaterialet konkretisert og tilgjengeleg for skolane.

Samla skår læringsmiljøindikatorar:

Trinn	Atlanten VGS	VGS Fylke	VGS Nasjonalt
VG1	45,20	43,10	43,10
VG2	39,50	39,00	39,10
VG3	40,90	39,40	38,90

Skolen ligger øvst på læringsmiljøindikatorar for VG1 i fylket og nest øvst på VG3. Skolen ligger også over snittet i fylket på VG2. Det er rimeleg å tru at desse indikatorane viser at skolens arbeid med klassemiljø og oppfølging av enkeltelevar gir positiv effekt på tryggheit og læring.

Mobbing VG1:

Enhet	Mobbing på skolen	Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene
Atlanten videregående skole	6,0 %	2,7 %		2,7 %

Mobbing VG2:

Enhet	Mobbing på skolen	Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene
Atlanten videregående skole	1,8 %	1,9 %		

Mobbing VG3:

Enhet	Mobbing på skolen	Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?	Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?	Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene
Atlanten videregående skole	1,6 %	1,7 %		

Figur 3 Resultat frå elevundersøkinga 2025

Skolen sine verdiar og elevsyn er sentral i møte med skoleleiing og tilsette, mellom tilsette og mellom tilsette og elevar. Skolen har i fleire år arbeidet systematisk med elvane sitt læringsmiljø. Skolen var tidleg organisert med innsatsteam mot mobbing, makkerskap, relasjonsbygging gjennom fuelboks. Skolen har også god erfaring med samarbeidet med russen. Skolen arbeider systematisk med god oppstart for elevane kvart skoleår. Det skapar tryggheit for elevane.

Mobbing:

Trinn	Atlanten VGS	2024-25	VGS Fylke	VGS Nasjonalt
VG1	6,0 %	5,0 %	6,0 %	5,5 %
VG2	1,8 %	1,5 %	5,1 %	5,2 %
VG3	1,6 %	2,3 %	2,2 %	3,7 %

Skolens system for oppfølging av elevar og grupper tar tak i utfordingar tidleg og følgjer opp ved behov. Det er difor positivt at mobbetala held seg lave innanfor kulla i overgangar til nye skoleår. Det er også positivt at årskull som har rapportert noko høgare mobbetal meir enn halverer dette til påfølgande skoleår.

Vi ser no ein trend der elevar kjem inn med litt høgare mobbetal på VG1, men at dei same elevane skårer vesentleg lågare på VG2. Det visast på tala vi fekk i fjor og dei vi har fått inn i år. Vi framhevar at skolens arbeid med klasseleiing, systematisk arbeid med VIP makkerskap og oppfølging verkar å ha god effekt på desse tala. På VG2 og VG3 har skolen vesentleg lågare mobbetal enn resten av fylket og landet. Det viser at våre elevar i stor utstrekning har ein trygg og god skolekvardag.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	5
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0


Det blei i skoleåret 2025-2026 laga 5 skriftlege aktivitetsplanar med bakgrunn i §12A-4 og eleven sitt psykososiale miljø. Skolen gjorde *ingen* enkeltvedtak med bakgrunn i §12-5 eller §12-7.

Skolen har gjennom fleire år hatt søkelys på eleven sitt læringsmiljø, overgangen frå ungdomsskolen og eleven sin oppleving av trivsel, tryggheit og meistring. Skolen ser at systemarbeidet og dei førebyggande tiltaka gir gode resultat, og dei ulike laga rundt elevane har alle ei sentral rolle for at arbeidet skal lukkast.

Faglærar er nærmast eleven og skal tilpasse opplæringa ved å sikre at alle elevane har eit trygt og godt læringsmiljø. Det skjer gjennom trygge og gode relasjonar, gjennom å variere opplæringa og vurderingssituasjonane, samt involvere elevane.
Kontaktlæraren er tettast på elevane sosialt i samarbeidet med heimen.

Elevtenesta arbeidar systematisk for å støtte elevar og klasser heilt frå før den enkelte elev kjem inn på skolen. Elevtenesta er prioritert og styrka for å ha ekstra søkelys på enkeltelevar, klasser, karriererettleiing og dei minoritetsspråklege elevane. Skoleleiinga er tett på og har i kvardagen søkelys på elevane sitt læringsmiljø og opplæringa, og skoleleiinga vurderer fortløpande tiltak for kvar enkelt elev, klasse eller faggruppe.

Figur 4 Skolens illustrasjon Laget rundt eleven




Modellen brukast aktivt i organisasjonen for å vise bildet på korleis vi byggar laget rundt eleven. Modellen viser at alle skolens funksjoner byggast rundt eleven.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	18
Møter i skoleutval	0
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	0

Vurderingspraksis har vore eit satsingsområde for skolen i fleire år. Skolen sitt fokus knyta til vurdering har vore på intensjonen med vurdering og at vurdering har motivasjon, lærelyst og utvikling som formål. Skolen har utarbeidd sin eigen vurderingsplakat for å synleggjere fokus og arbeidet (sjå figur under). Denne praksisen sikrar at elevane får tilbakemelding om sitt ståstad og nødvendig rettleiing om kor dei skal.



Figur 5 Vurderingsplakat 2025-2026

I skoleåret 2025-2026 held skolen fram med periodevurderingar i utviklingsarbeidet knyta til vurderingspraksis. Vurderinga i fag skal ta utgangspunkt i ei variert opplæring og basere seg på all kompetanse eleven viser i arbeidet med faget. Skolen har fokusert på at elevane skal involverast i vurderingsarbeidet. Skolen har i avdelingane hatt fokus på eit læringsfellesskap som skal dele, reflektere og utvikle ein god vurderingspraksis.

Periodevurderinger

Skolen ønsker periodevurderinger midtveis i terminene for å forsterke intensjonene i vurderingsforskriften og føringene i læreplanverket. Forskriftene gir skolen og faglærerne mindre krav til dokumentasjon i VIS, men samtidig er skolen pålagt å ha et system for oppfølging og oversikt over opplæringen.

Skolen ønsker periodevurdering 1 i alle fag i uke 42-46.
Skolen ønsker periodevurdering 2 i alle fag i uke 10-14.

Avdelingsleder avklarer tidspunkt for periodevurderinger i ulike fag med sine fagteam. Like fag skal ha like tidspunkt for periodevurderinger. Tidspunktene for periodevurderinger i ulike fag skal være avklart med avdelingsleder innen skolestart, og tidspunktene for periodevurdering 1 skal være kommunisert til elevene senest i uke 35. Tidspunktene for periodevurdering 2 skal være avklart med avdelingsleder og kommunisert til elevene innen oppstart 2. termin.

Det gis mulighet for LMH i periode 1 for fag på VG1 som ikke skal ha standpunktkarakter.
Alle andre fag skal ha karakter med mulighet for +/-.

Periodevurdering 2 skal gi uttrykk for samlet vurdering for perioden fra terminoppgjøret fram til periodevurdering 2. I den skriftlige kommentaren til periodevurdering 2 ***skal*** alle elever også få en hel karakter som viser en samlet vurdering for skoleåret så langt.

Det er bare periodevurdering, halvårsvurdering med karakter og standpunktkarakter som skal publiseres i VIS.

Faglærerne skal bruke VIS for å samle/dokumentere sine vurderingsresultater – men *ikke* publisere disse!

Figur 8 Plakat om periodevurdering 2025-2026

Skolen har i fleire år prioritert høgt eit omfattande og systematisk arbeid knyta til læringsmiljøet. Arbeidet er forankra i skoleleiinga og systematisert gjennom årshjulet til skolen si elevteneste. Skolen si elevteneste samarbeider tett med kontaktlærarane, faglærarane og eksterne bidragsytarar. Makkerskap, trygge relasjonar, tett dialog og tidlege tiltak er viktige faktorar i dette arbeidet.

Skolen jobbar systematisk for å skape gode relasjonar og god dialog mellom lærarane og dei ulike undervisningsgruppene. God dialog og elevmedverknad er eit viktig mål for skolen.

Skolen har gjennom fleire år samarbeid tett med russestyret og avgangselevane for å sørge for ei trygg, felles og inkluderande russetid for skolens avgangselevar. Skolen og russekullet inngår ein samarbeidsavtale med ulike ytingar og forplikting om samarbeid, respekt, inkludere og fellesskap for alle partar.

Skolen legg til rette for eit aktivt elevråd, som er ei viktig stemme ved skolen. Assisterande rektor har i 2025-2026 ansvaret som elevrådskontakt og følgjer opp og støttar elevrådet i det daglege arbeidet.

Assisterande rektor gjennomførte i skoleåret 2025-2026 møte med elevrådstyret eller elevrådsleiar 1-2 gongar i månaden. Elevrådet gjennomførte møte minst ein gong i månaden. Skolemiljøutvalet hadde ikkje eigne møter, men relevante saker ble tatt opp i ordinære møter med elevrådsstryet . Skoleutvalet hadde ingen møte i 2025-2026.

I løpet av skoleåret 2025-2026 har vi likevel jobba og forberedt oppstart av skoleutval for skoleåret 2026/2027. Vi har bestemt at skoleutvalet også skal vere eit skolemiljøutval og ta opp skolemiljøsaker som ein del av sakene som blir tatt opp (jfr retningslinjene til fylket). Første samling vil bli i november 2026.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	92,8%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Idrettsfag	89,7%	98,2%	95,7%	94,9%
Musikk, dans og drama	76,2%	85,7%	92,9%	83,7%
Studiespesialisering	95,1%	96,0%	90,3%	93,5%
Total	91,8%	95,8%	91,3%	92,8%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Atlanten vgs	95,1%	96,3%	96,1%	94,4%	92,8%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen har dei siste ti åra hatt svært gode tal for fullført og bestått. Dette er resultatet av eit systematisk arbeid med konkrete tiltak, dyktig og lojale faglærarar og leiing tett på elevane og det pedagogiske arbeidet.

I skoleåret 2025-2065 fekk 92,8 % av elevane fullført og bestått. Det er eit resultat skolen er godt nøgd med, og resultatet er det høgaste fullført og bestått blant skolane i fylket. Skolen er trygg på at de fleste VG3-elevene lar seg justere inn til vitnemål allereie ved særskilt- eller NUS-eksamen nå i haust. Skolen jobbar tett med elevane som manglar eksamen eller standpunkt frå føregåande skoleår. Dette har vore ei prioritert oppgåve og eit mål for skolen over fleire år. Dette gjelder elever frå alle årstrinn og utdanningsprogram.

Eit godt døme er skoleåret 2024-2025 der skolen hadde 92,4 % fullført og bestått samla for alle årstrinn. I oversikten over ser vi at eitt år etter har dette talet steget til 94,4 %. Dette syner eit svært positivt resultat av skolen si oppfølging av elevar som manglar standpunkt eller eksamen i eitt eller fleire fag.

Skolen vurderer det som svært positivt at relativt få elever frå VG1 eller VG2 manglar standpunkt- eller eksamenskarakterar ved oppstart på neste nivå. Dette gjev gode føresetnadar for høg gjennomføring også komande skoleår. Fleirtalet av elevar som manglar karakterar frå VG1 eller VG2 tar grunnkompetanse eller har fordelt fag over meir enn tre år i tett samarbeid med skolen.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Idrettsfag	4,19
Musikk, dans og drama	4,51
Studiespesialisering	4,48

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Atlanten vgs	4,43	4,36	4,43	4,42	4,41
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skolen ser at karaktersnittet følgjer dei same trendane som dei andre skolane i fylket før, under og etter pandemien.

Dei siste skoleåra har av ulike årsaker vore spesielle og avvikande og skolen har ikkje dekning eller gjort grundige analyser til å uttale seg om spesifikke utviklingstrekk eller årsakssamanhengar. Skolen ønskjer dei komande skoleåra å ha eit større søkelys på datainnsamling og analyse av trendar og årsaksamanhengar knyta til standpunkt- og eksamenskarakterar.

Skolen registrerer at elevane ved utdanningsprogrammet musikk, dans og drama har dei lågaste grunnskolepoenga ved inntak blant skolen sine utdanningsprogram, medan dei same elevane har det høgaste karaktersnittet blant dei same utdanningsprogramma.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	5,8	31,1	6,5%
Vg1	5,9	30,8	6,6%
Vg2	4,9	31,7	6,0%
Vg3	6,4	30,8	6,9%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Atlanten vgs	1,9%	5,6%	6,0%	7,0%	6,5%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Den totale fråværsprosenten for skoleåret 2025-2026 var på 6,5 %. Skolen sitt tette og gode system for oppfølging av elevane gjennom både kontaktlærarane, faglærarane, elevtenesta og leiinga har medverka til at fråværet har ein positiv utvikling og stabilisert seg på eit akseptabelt nivå.

Skolen registrerer ein nedgang i elevfråværet samanlikna med førre skoleår. Skolen vil jobbe systematisk for å få ned fråværstala til same nivå som før pandemien dei komande skoleåra, og skolen ser det som avgjerande for elevane si opplæring, fellesskap og gjennomføring at dei er til stede på skolen.

Skolen har gode rutinar og praksis knyta til organisering av sjølvstendig studiearbeid ved planlagt fråvær. Det kan forklare noko av bilete rundt fråværstala.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
1,4%	7

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Atlanten vgs	1,3%	1,4%	0,2%	0,0%	1,4%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

Skolen hadde i skoleåret 2025-2026 sju elevar som slutta. Det er eit godt resultat for elevane og skolen, og skolen har i mange år lege vesentleg lågare enn fylkes- og landssnittet på dette området.

I skoleåret 2024-2025 hadde skolen *ingen* elevar som slutta, noko som var eit ekstraordinært godt resultat. Skolen hadde i skoleåret 2022-2023 sju elevar som slutta. Det er same talet som i skoleåret 2021-2022, og ein meir enn i skoleåret 2020-2021. Skolen har over tid levert lave tall innan fråfall, men resultata frå skoleåra 2023-2024 og 2024-2025 er naturleg nok dei beste skolen har levert.

Skolen har gjennom fleire år jobba systematisk for å ta godt imot våre elevar og følge dei tett opp åra dei er elevar ved skolen. Skolen har heller ingen praksis og svært få tilfelle av at elevar sluttar mellom skolestart og 1. oktober, som er den formelle telledatoen for elevar som sluttar. Skolen har gode erfaringar med å vere tett på den enkelte elev og gjere naudsynte individuelle tilpassingar for elevane.

Skolen er uro over ein aukande trend knyt til at nokon få elevar i praksis verken begynner eller sluttar ved skolen, men er registrert som elevar store delar av skoleåret. Dei fleste elevane som slutta ved skolen i 2025-2026 er i denne kategorien. Skolen vil prioritere å følge opp desse elevane dei komande skoleåra.

4.5 Overgangar

Skolen ved elevtenesta deltar på innsøkingsmøte med ungdomsskolen og PPT der mogelege tilretteleggingstiltak vert diskutert. Skolen inviterer også alle A- og B-skjemasøkarar med føresette til eit møte på skolen på våren, der elevane og føresette får vere med å diskutere aktuelle tilretteleggingstiltak dersom eleven startar ved skolen. Dette gjer at tiltaka er klare til å verte sette i verk dersom eleven startar på hausten. Mange av dei elevane vert invitert til skolen i planleggingsuka, slik at dei får møte sine kontaktlærarar, får informasjon om oppstart og gjerne sett klasselista. Skolen gjennomførte også samtaler med alle rådgivarane i ungdomskolane der informasjon om enkeltelevar og grupper vart delt. Alt dette for å trygge eleven i overgangen frå ungdomsskole til vidaregåande skole.

Skolen arrangerer eit eige møte på våren for minoritetsspråklege elevar med føresette. Der får elevane og føresette informasjon om skolen og om sine rettar blant anna til særskilt språkopplæring. Elevane må også gjennomføre ein plasseringstest på dette møtet, slik at dei særskilte språkopplæringstiltaka kan bli sett i gang ved skolestart.

I planleggingsuka så er ein heil planleggingsdag satt av til informasjonsdeling i klasselærarråd. Der blir det delt mykje nyttig informasjon om nye elevar og om trinna.

Skolen har satt av tid til at kontaktlærarane på alle trinna gjennomfører oppstartsamtalar med alle sine kontaktelevar den første skoleuka. Elevane på VG1 får også eit eige overgangsskjema, der dei fyller inn mykje nyttig informasjon. Skolen arrangerer foreldremøte den første skoleuka for blant anna å knytte tidleg kontakt mellom heim og skole. Alle tiltaka er element i vårt systemarbeid Makkerskap.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Skolen er organisert slik at læringa til elevane er i sentrum for all utøving av leiing. Dei ulike avdelingane blir leia etter skolen sitt overordna fokus og tydelege avdelingsmål. Profesjonelle læringsfellesskap i avdelingane og fagteam bidrar aktivt til å vidareutvikle skolen og fremje elevane si læring. Leiinga bygger positive relasjonar til medarbeidarane og er aktive deltakarar i det pedagogiske arbeidet.

Skolen er organisert slik at alle tilsette har tid og moglegheit til å delta i samarbeid og utviklingsarbeid i fagteam eller på tvers av fag og roller. Skolen sine styringsdokument gir retning og fokus, og skolen er ein lærande skole med god delingskultur og evne til utvikling og endring. Profesjonsutvikling gir økt forståing og kunnskap om dei ulike rollene i skolen, og skolen nyttar analyse og refleksjon rundt resultat og trendar som eit verktøy for å forbetre praksis.

Gjennom Kompetanse for kvalitet si vikarordning har skolen i 2025-2026 har skolen hatt tre lærarar som har tatt vidareutdanning i relevante fag for skolen. Skolen har også hatt to faglærar som har hatt stipendordning gjennom Kompetanse for kvalitet.

Skolen har prioritert arbeidet og fagkursa i fagnettverka. Skolen hadde i 2025-2026 avtale og ansvar for fagnettverka i samfunnsfag. Skolen meiner at aktive og utviklingsorienterte fagnettverk på tvers av skolane er avgjerande for utviklinga av dei vidaregåande skolane i fylket.

Skolen gjennomførte MTM-undersøking hausten 2025. Skolen gjorde eit grundig arbeid med etterarbeidet og oppfølginga av resultata. Det blei køyrd prosessar i avdelingane med nøye gjennomgang av resultata og leiinga hadde ei analyse av denne gjennomgangen i etterkant. Plana for arbeid med MTM blei vedtatt i AMU.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no